



# PLANPROGRAM KOMMUNEPLAN SAMFUNNSDEL

2025-2037

# Innhold

<b>1. Samfunnsdelen som politisk styringsverktøy.....</b>	<b>1</b>
1.1 Kva er eit planprogram? .....	2
<b>2. Retning for ny samfunnsdel.....</b>	<b>2</b>
<b>3. Gjeldande samfunnsdel.....</b>	<b>2</b>
<b>4. Planprosess og medverknad.....</b>	<b>3</b>
<b>5. Målet med denne måten å gjera det på .....</b>	<b>4</b>
5.1 Tre fasar .....	4
<b>6. Viktige utviklingstrekk i Valle kommune .....</b>	<b>6</b>
6.1 Fokus på 4 ulike tema og eitt gjennomgående tema .....	6
6.2 Folkehelse.....	6
6.3 Bulyst.....	7
6.4 Arbeidsplassar .....	8
6.5 Beredskap.....	8
6.6 Berekraftig utvikling som gjennomgående tema .....	9
<b>7. Nasjonale og regionale føringer for planarbeidet.....</b>	<b>9</b>
7.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 2027 .....	9
<b>8. FNs 17 berekraftsmål og 2030 – agendaen .....</b>	<b>10</b>
<b>9. Regionplan Agder 2030.....</b>	<b>10</b>
<b>10. Andre statlege/nasjonale føringer og retningslinjer .....</b>	<b>11</b>
<b>11. Andre regionale føringer .....</b>	<b>11</b>
<b>12. Statistikk og oppdatert kunnskap henta frå.....</b>	<b>11</b>

## 1. Samfunnsdelen som politisk styringsverktøy

Kommunen sin rolle som samfunnsutviklar er forankra i Kommunelova og Plan- og bygningslova (tbl.). Plan- og bygningslova legg til grunn at samfunnsdelen av kommuneplanen skal vera kommunen sitt overordna styringsverktøy. Den nye kommunelova bestemmer at økonomiplanen skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar blir følgde opp.

I samfunnsdelen skal Kommunestyret ta stilling til korleis Valle skal utviklast vidare. Samfunnsdelen skal syne langsiktige satsingsområde i eit 12-års perspektiv og prioriterte satsingsområde i valperioden. Dei lange linjene for kommunen sin utvikling blir synleggjorde gjennom kommunen si visjon, hovudmål og ein arealstrategi. Hovudføremålet med ei rullering



av samfunnsdelen er at ho skal bli eit godt styringsverktøy for det nye kommunestyret og administrasjonen.

Dette dokumentet er eit forslag til planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen i samsvar med §§ 11-13 og 4-1 i plan- og bygningslova.

### 1.1 Kva er eit planprogram?

Planprogram er eit verktøy som skal sikre ein god og ryddig planprosess for alle røyrte partar. Planprogrammet skal gi føreseielegeheit i planarbeidet, både for utgreiingar, medverknad og framdrift. For kommuneplanen skal det utarbeidast planprogram etter reglane i pbl. §4-1.

## 2. Retning for ny samfunnsdel

Hensikta med planarbeidet er å utforme ei ny samfunnsdel som skal fungere som eit godt styringsdokument for ei berekraftig og framtidsretta utvikling av Valle, både som samfunn og verksemd. Det er sett nokre rettleiarar for prosessen og arbeidet med ny samfunnsdel:

- Samfunnsdelen har ei tydeleg kopling og samanheng med kommunen sin handlings- og økonomiplan.
- Prioriteringar vert gjorde i økonomi- og handlingsplanen kvart år.
- Samfunnsdelen vert forankra mellom politikarar og i verksemda Valle kommune, i tillegg til lokalsamfunn og frivillige lag og organisasjoner.
- Samfunnsdelen følgjer opp kommunen sin utfordringsbilete.
- Samfunnsdelen følgjer opp FNs berekraftsmål.
- Samfunnsdelen er kortfatta og tydeleg med konkrete mål som gjev retning for kommunen sine satsingsområde.
- Samfunnsdelen består av to hoveddelar: (1) Visjon og hovudmål (lange linjer) for Valles samfunn og (2) prioriterte satsingsområde for valperioden (politiske prioriteringar).
- Samfunnsdelen inneheld ein arealstrategi som skal løfte dei strategiske avklaringane om framtidig arealutvikling og utbyggingsmønster i kommunen.

## 3. Gjeldande samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument som gir retninga for utviklinga i Valle. Ved å samle oss om ei felles forståing av kva vi ønskjer å oppnå, kan vi arbeide i fellesskap for å nå måla.

Gjeldande kommuneplan for Valle består av ein samfunnsdel (2016-2028) og ein arealdel (2016-2028).

Gjeldande kommuneplans overordna mål og strategiar skal synleggjere kommunen som ein attraktiv stad å busetje seg på og bruke fritida si på.

Planen har hatt fire fokusområde, som er:



- Samferdsel
- Bumiljø
- næringsliv
- kultur- og fritid.

Planen legg vekt på å stabilisere og auke folketalet, fremje likestilling, integrering og mangfold, styrke folkehelsa og utvikle sentrum som føresetnader for å kunne nå måla og strategiane i planen.

## 4. Planprosess og medverknad

I samfunnsdelen vil kommunestyret ta stilling til om dei lange linjene for Valle i gjeldande kommuneplan skal vidareførast eller endrast, og prioritere satsingsområde

for valperioden. Vi ønskjer å få til ein betre samanheng for rullering av samfunnsdelen i samsvar med valperioden. Ein ser då føre seg ei rullering av samfunnsdelen kvart fjerde år og alltid innan første året i valperioden.

Illustrasjonen nedanfor er utarbeidd av Asplan Viak:




Foto: Asplan Viak



# 5. Målet med denne måten å gjera det på

1. Bidra til å styrke samfunnsdelen som politisk styringsverktøy med reell samanheng til valperiodane og handlings- og økonomiplanen.
2. Utvikle tidleg samhandling om samfunnsdelen.
3. Utnytte moglegheitsrommet for forenkling av kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdelen og gjere det enkelt å forstå for folkevalde.

Dei prioriterte satsingsområda i samfunnsdelen vil bli følgde opp i det årlege arbeidet med økonomiplanen. Det vil òg framgå av økonomiplanen korleis dei skal følgjast opp, jamfør kommunelova § 14-4.

Økonomiplanen for Valle vil med dette utgjere kommuneplanens handlingsdel etter § 11-1 i plan- og bygningslova.

Samfunnsdelen er overordna. Meir konkrete mål, strategiar og tiltak blir utvikla i planar som er underordna samfunnsdelen. Desse kan omhandle samfunnstema som: bustad, samferdsel og mobilitet, klima og energi, helse og omsorg, oppvekst og utdanning, kultur og næring med meir. Mange vil etterlyse tiltak i samfunnsdelen, men det er viktig å vere klar over at samfunnsdelen ikkje skal utvikle tiltak. Den skal gi retning og fastsetje satsingsområde som skal gis særleg prioritet i valperioden. Tiltak blir utvikla gjennom handlingsdelen, som blir rullert årleg gjennom økonomi- og handlingsplanen.

## 5.1 Tre fasar

Planprosessen for samfunnsdelen er delt i tre fasar med hovudfokus på politisk forankring:

1. Ein innleiande fase der det blir lagt opp til politisk drøfting om viktige utviklingstrekk og utfordringar som grunnlag for ny samfunnsdel.
2. Ein utviklingsfase der kommunestyret diskuterer seg fram til forslag til ny samfunnsdel som kan leggjast ut til høyring. Dette arbeidet er ein viktig del av den rolla kommunestyret er tildelt som planmynde etter plan- og bygningslova.
3. Høyring og offentleg ettersyn av forslag til ny samfunnsdel. Etter høyringsfasen vil merknader frå høyringa bli behandla og planforslaget vil bli lagt fram for endeleg behandling i kommunestyret hausten 2024.

I fase 1 og fase 2 kan det leggast opp til opne møter slik at lag og foreiningar, næringsinteresser og andre interesserte kan delta.



Framdrift i planarbeidet	Tidsperspektiv	Fase
Varsel om oppstart av planarbeid og forslag til planprogram ut til høyring og offentleg ettersyn	Juni-aug og desember-februar	Fase 1
Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2025 -2037 fastsettast og planstrategi vedtakast.	Mars 2025	Fase 1
Planoppstart	Mai 2025	Fase 2
Utarbeiding av planutkast, medverknad, drøfting og politisk verkstad	Juni – desember 2025	Fase 2
Kommunestyret legg kommuneplanens samfunnsdel ut til høyring og offentleg ettersyn	Januar – februar 2026	Fase 3
Arbeid med administrativ bearbeiding og medverknads prosesser i råd og utval	Mars – mai 2026	Fase 3
Vedtak av kommuneplanens samfunnsdel	Juni 2026	Fase 3



# 6. Viktige utviklingstrekk i Valle kommune

Kommunens økonomi og evne til å løyse oppgåver i samspel med lokalsamfunnet, nabokommunar og styresmakter er ein viktig del av ei berekraftig utvikling for Valle.

Som grunnlag for ein politisk og offentleg debatt om kommunens satsingsområde i samfunnssdelen, er det laga ei samanstilling og situasjonsbeskriving av viktige utviklingstrekk for kommunen. Kunnskapen er henta frå SSB, Agdertall, Telemarksforsking og kommunen sine eigne analysar. I neste avsnitt vert dei viktigaste utviklingstrekkene vist, valde ut på bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget kombinert med politisk arbeidsverkstad.

**Oppdatert folkehelseoversikt er utarbeidd i januar 2025 og utgjer ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med kommuneplanen.**

## 6.1 Fokus på 4 ulike tema og eitt gjennomgåande tema

### 6.2 Folkehelse

Folkehelse er ein kjernekomponten i eit samfunn som ønskjer å fremje trivsel og livskvalitet for alle innbyggjarane. Ved å fokusere på folkehelse kan vi legge til rette for sunne og trygge levevanar, førebygge fysisk og psykisk sjukdom og redusere helseforskjellar i befolkninga. Dette bidreg til å skape eit meir robust og inkluderande lokalsamfunn.

Nesten alle fagområde i kommunesektoren vil kunne gi utslag på folkehelsa i ein eller annan grad. Valle kommune har vore dedikert til å betre folkehelsa blant sine innbyggjarar, og dette har vore ein sentral del av planlegginga og politikken deira.

Valle kommune har gjennomgått ein periode med relativt stabil befolkningsutvikling, med ein auke i dei seinare åra etter ein nedgang. Gjennomsnittsalderen i kommunen indikerer ei modning av befolkninga, og dette har implikasjonar for behovet og tilbodet av helsetenester. Innvandring, spesielt frå land som Ukraina, har vore ein betydeleg faktor bak befolkningsveksten. Samtidig står kommunen overfor utfordringar knytt til ei aukande eldrek befolkning, som krev tilstrekkeleg omsorg og helsetenester.

Valle kommune har vore oppteken av å balansere utviklingsbehov og naturvern. Dette inkluderer tiltak for å bevare viktige område for dyre- og planteliv, samtidig som det blir lagt til rette for friluftsliv og fysisk aktivitet blant innbyggjarane. Kommunen har prioritert klimatilpassing og elektrifisering for å handtere klimaendringar og redusere klimagassutsleppa. Dette inneber investeringar i infrastruktur og tiltak for å redusere sårbarheita mot ekstremvær og endringar i nedbørsmønster.

Sjølv om kommunen har eit relativt dårlig kollektivtilbod, er det fokus på trafikksikkerheit og tilgangen til sykkelvegar. Dette er viktige tiltak for å fremje fysisk aktivitet og redusere ulykker og skadar i trafikken. Utdanning spelar ei avgjerande rolle for både økonomisk situasjon og helse. Valle kommune har gjort det bra når det gjeld grunnskulepoeng og skulebidragsindikatorar, noko som bidrar til auka livskvalitet blant innbyggjarane.



Eit inkluderande lokalsamfunn prega av fellesskap og tryggleik er viktig for trivselen og den sosiale integreringa til innbyggjarane. Valle kommune skårar over gjennomsnittet når det gjeld tilfredsheit med lokalsamfunnet, men vald blant unge har førekome. Valle kommune har gjort betydelege framsteg når det gjeld å fremje folkehelsa blant sine innbyggjarar, men står også overfor utfordringar knytt til eldrebølgja, klimaendringar og sosiale forhold. Gjennom ein heilsakapleg tilnærming som balanserer fleire forhold, som helsefremjande tiltak og sosiale program, søker kommunen å skape eit godt lokalsamfunn for alle sine innbyggjarar.

### 6.3 Bulyst

Å skape eit attraktivt og triveleg nærmiljø er avgjerande for å sikre at innbyggjarane trivst og ønskjer å bu og leve i vår kommune på lang sikt. Ved å legge til rette for gode bustadområde, grøntareal, kulturtilbod og nærliek til nødvendige tenester, kan vi auke bulysta og styrke tilhørselen til lokalsamfunnet. Valle kommune ynskjer å redusere utflytting av unge. Dette er viktig for å imøtekommе utfordringar knytte til SSBs framskriving om redusert bereevne.

Bulysta i Valle kommune vert påverka av fleire faktorar som innbyggjartalet, alderssamsetjing, bustadstruktur, tilgang på naturressursar, arbeids- og utdanningsmogleheter, kommunikasjonstilbod, helse- og velferdstenester, kultur- og fritidstilbod, og generell tryggleik og trivsel i lokalsamfunnet.

Befolkningsutviklinga er ein sentral faktor for kommunens dynamikk og planlegging av tenestetilbod. Medan Agderregionen som heilsak har opplevd ein vekst i folketalsutviklinga, har Valle kommune hatt ein relativt stabil befolkningsemengd dei siste åra, med ein viss auke etter ein periode med nedgang. Det er ein generell tendens til at unge vaksne flyttar til urbane område og til stader nær arbeidsmarknad og tenester. Innvandring, spesielt frå land som Ukraina, har vore ein faktor i folketalsveksten i Valle, og kommunen har sett auka etterspurnad etter busetjing for flyktningar.

Det er stor etterspurnad etter småbruk og gardar, men også leilegheiter og einebustader. Fleire gardsbruk blir ståande ubrukt som feriestad, i staden for å bli seld til personar som ønskjer fast busetjing. Det er ein trend at fleire unge familiarer ønskjer seg «det gode liv» på landet med eit småbruk, noko som er lite tilgjengeleg.

Bustader som blir nytta som fritidsbustad kan påverke samhaldet i lokalsamfunnet og tilgangen på fastbuande innbyggjarar. Samstundes er det ein del av kommunens areal som er verna etter naturmangfaldlova, og dette stiller krav til nøye planlegging for å balansere utviklingsbehov og naturvern.

Arbeidslivet i Valle er prega av ein høg sysselsetningsgrad, særleg innanfor bygg- og anleggssektoren, private helsetenester, barnehagar og undervisning, og forretningstenester. Det er fleire ledige stillingar og moglekeit til fast jobb i kommunen. Dette er med på å gjøre bulysta gjennomførbar. Derimot er det få kompetansekrejvande verksemder og tilgjengelege jobbar som krev høg kompetanse.

Utdanning og helse er viktige faktorar for livskvaliteten til innbyggjarane. Her gjer Valle det bra, men det er ein pågående jobb som må prioriterast for å vedlikehalde livskvalitet, helse og tilgang på arbeid og utdanning.

Natur, kultur og fysisk aktivitet spelar òg ei vesentleg rolle for innbyggjarane si trivsel og helse. Valle kommune har ein rik natur, som bidreg til eit variert tilbod av friluftsliv og naturopplevelingar.



Kommunen har eit aktivt kulturliv, med høg deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar, og ein stor del av befolkninga er nøgde med lokalsamfunnet sitt.

## 6.4 Arbeidsplassar

Å tryggje eit mangfaldig og robust næringsliv er avgjerande for å skape arbeidsplassar, styrke økonomien og fremje lokal verdiskaping. Ved å leggje til rette for etablering av nye bedrifter, kompetanseutvikling og tilgang til infrastruktur, kan vi stimulere til vekst og utvikling i næringslivet og sikre sysselsetjing for våre innbyggjarar. I denne satsinga på arbeidsplassar er kompetanse ein sentral faktor. Fokus på utvikling av ferdigheter og kunnskap blant innbyggjarane kan skape eit dynamisk og innovativt næringsliv som kan møte framtidas utfordringar.

Befolkningsutviklinga i Valle kommune har vore relativt stabil, med ein liten auke dei siste åra etter ein periode med nedgang. Gjennomsnittsalderen i kommunen er 43,8 år for menn og 44,8 år for kvinner. Innvandring, aldring og ønsket om nærliek til tenester og arbeidsmarknad har påverka denne utviklinga. Innvandring, spesielt frå Ukraina, har hatt ei betydeleg innverknad på befolkningsveksten i kommunen, noko som har ført til auka mangfald og økonomisk bidrag. Samtidig kan dette føre til utfordringar som press på sosialbudsjetta og behovet for helsetenester og andre kommunale tenester.

Valle kommune har oppretthalde ein høg sysselsetjingsgrad på 82,8%, noko som er over landsgjennomsnittet. Trass i høg sysselsetjing, opplever nokre av befolkninga vedvarande låginntekt, og deltidstilsetjing er mest utbreidd blant kvinner. Kompetansebehovet i arbeidslivet har auka, og det er ein aukande tendens mot høgare utdanning, spesielt blant kvinner. Valle kommune ligg under fylkes- og landsgjennomsnittet på fleire utdanningstypar, men over gjennomsnittet når det gjeld vidaregående opplæring. Det er viktig å følgje med på samfunnstrendar og tilpasse satsingar for å møte framtidige kompetansebehov.

Utdanning spelar ei avgjerande rolle for deltaking i arbeidslivet, økonomisk situasjon og helse. Valle kommune gjer det bra når det gjeld grunnskulepoeng og skulebidragsindikatorar, spesielt på mellomtrinnet. Oppvekst- og levekårsforhold spelar også ei viktig rolle for folkehelsa, og tilgangen til ressursar som utdanning, arbeid, inntekt og gode buforhold påverkar livskvaliteten til innbyggjarane.

Samla sett har Valle kommune opplevd ei utvikling mot auka sysselsetjing og kompetanse, men det er framleis utfordringar med å tilpasse seg framtidige kompetansebehov i arbeidslivet. Befolkningsutviklinga, innvandringa og lokale og regionale trendar vil halde fram med å påverke utviklinga på desse områda i åra som kjem. Ved å satse på kompetanseutvikling og eit robust næringsliv, kan Valle kommune sikre ei berekraftig framtid for alle sine innbyggjarar.

## 6.5 Beredskap

God beredskap er avgjerande for å handtere uforutsette hendingar og kriser på ein effektiv og trygg måte. Ved å styrke beredskapsarbeidet kan vi redusere sårbarheita i samfunnet og bidra til å verne liv, helse og verdiar i tilfelle av katastrofar, ulukker eller andre uføresette situasjonar

Valle kommune står overfor fleire utfordringar og moglegheiter når det gjeld beredskap. Befolkningsveksten, spesielt innvandringa frå Ukraina, har auka behovet for beredskapstiltak knytt til integrering, sosial støtte og naudhjelp. Auka mangfald kan også krevje tilpassingar i beredskapsplanlegginga for å sikre at alle innbyggjargrupper blir ivaretakne.

Klimaendringar og ekstremvær utgjer ei betydeleg trussel, og Valle kommune må styrke beredskapen for å handtere auka nedbørsmønster og andre klimarelaterte hendingar. Dette kan

inkludere tiltak som flaumvern, beredskapsplanar for ekstremvær og evakueringsrutinar for sårbare område.

Naturvernet i kommunen spelar også ei viktig rolle i beredskapsarbeidet, då det bidrar til å bevare viktige område som kan fungere som tilfluktsstader eller beskyttelsesområde under kriser eller katastrofar. Det er også viktig å adressere utfordringar knytt til vasskvalitet, avfallshandtering og avløpsreinising for å sikre at beredskapen ikkje blir svekka av miljømessige faktorar.

Kommunens prioritering av elektrifisering og klimatilpassing er også relevant for beredskapsarbeidet, då det kan redusere sårbarheita for straumbrot og andre konsekvensar av klimarelaterte hendingar. God infrastruktur og tilgjenge av nødvendige ressursar, som straum og transport, er avgjerande for effektiv beredskap og krisehandtering.

Samla sett må Valle kommune halde fram med å investere i beredskapstiltak som tek omsyn til befolkningseksistens, klimaendringar og miljømessige utfordringar. Dette kan inkludere utvikling av beredskapsplanar, kapasitetsbygging blant

beredskapsaktørar og styrking av infrastruktur og ressursar som er nødvendige for å handtere ulike typar kriser og katastrofar.

## 6.6 Berekraftig utvikling som gjennomgåande tema

Det er viktig å merke seg at sjølv om berekraft ikkje er eit eige satsingsområde, er prinsippa for berekraft gjennomgåande i alle våre fokusområde. Berekraftig sosial-, miljømessig- og økonomisk utvikling er ein grunnleggjande premiss for alt vi gjer, og vi vil kontinuerleg integrere berekraftsperspektivet i vår planlegging og avgjerdstaking for å sikre ein levedyktig og framtidsretta kommune for komande generasjonar.

# 7. Nasjonale og regionale føringar for planarbeidet

## 7.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram [nasjonale forventningar](#) til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Fylkeskommunane og kommunane skal følgje opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar. I dei nasjonale forventningane for 2023-2027 legg regjeringa vekt på 2030-agendaen, der Noreg har sluttat seg til 17 mål for å fremje ei sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Dei fem overordna perspektiva i 2030-agendaen er utgangspunktet for dei nasjonale forventningane;



sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap og samarbeid for å nå måla, gjennom følgjande hovudtema:

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida

## 8. FNs 17 berekraftsmål og 2030 – agendaen



I 2015 blei 2030-agendaen med dei [17 berekraftsmåla](#) vedteken i alle FNs medlemsland. Berekraftsmåla utgjer det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største nasjonale og globale utfordringar. Noreg spelar ei aktiv rolle i oppfølginga av måla internasjonalt. I arbeidet med den nye samfunnsdelen skal det avklarast kva for berekraftsmål Valle i særleg grad skal bidra til å følgje opp.

## 9. Regionplan Agder 2030

[Regionplan Agders](#) hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Regionplan Agder 2030 har fem tema som skal vere hovudsatsingsområde fram mot 2030:

- Attraktive og livskraftige byar, tettstader og distrikt
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Transport og kommunikasjon
- Kultur



Ei god gjennomføring av Regionplan Agder føreset at fylkeskommunen, kommunane, regional stat og andre aktørar forankrar oppfølginga i eigne styringsdokument og budsjettprosesser.

## 10. Andre statlege/nasjonale føringar og retningsliner

- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging

## 11. Andre regionale føringar

- Regional plan for mobilitet
- Frivilligstrategi for Agder 2022-2030
- Regional plan for likestilling, inkludering og mangfold på Agder 2015-2027
- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Agder 2022-2027
- Energiplan for Agder
- Regional plan for innovasjon og berekraftig verdiskaping Agder 2015-2030
- Kompetansestrategi Agder 2030

## 12. Statistikk og oppdatert kunnskap henta frå

- Agdertall - <https://agdertall.no/>
- Agder fylkeskommune, Berekraftsmål -  
[https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/sdg\\_oversikt/id2505654/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/sdg_oversikt/id2505654/)
- Agder fylkeskommune, Regionplan Agder 2030 -  
<https://agderfk.no/varetjenester/regionplan-agder-2030/regionplan-agder-2030-les-planen/>
- Regjeringa, nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 -  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonaleforventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/?ch=1>
- SSB - <https://www.ssb.no/kommunefakta/valle>



- Telemarkforskning - <https://regionalanalyse.no/fjell/4221/1/1>

# PLANPROGRAM KOMMUNEPLAN SAMFUNNSDEL

---



Valle kommune    Sentralbord: +47 37 93 75 00  
Postboks 4            E-post: post@valle.kommune.no  
4746 Valle            www.valle.kommune.no

---